

Bibliotekstatistikken 2013

Folkebiblioteka i Hordaland

Innleiing

Folkebiblioteka rapporterer kvart år inn statistikk til Nasjonalbiblioteket. Statistikkta er frå fleire områda av drifta, og kan gi eit bilete av stoda i biblioteka i Hordaland.

Hordaland fylkesbibliotek ønskjer i denne rapporten å gi ein oversiktleg og systematisk framstilling av denne statistikken, som er kommunane sine egne opplysningar og tal levert til Nasjonalbiblioteket.

Ein må likevel vere varsam i bruk av tala, då det kan vere feilkjelder og ulike tilhøve i det enkelte bibliotek som kan gi eit skeivt inntrykk av heilskapen. Utgifter til husleige kan vere døme på det. Nokre bibliotek har husleigeutgifter i sine rekneskapstal, andre har det ikkje. Det same gjeld datautgifter og samleposten «andre utgifter».

Likevel vil hovudfokuset i rapporten vere på folkebiblioteka sin økonomi. Vi vil freista å finne ut om det er nokon samanheng mellom bruken av biblioteka og biblioteka sine media- og personalressursar. Men av grunnar nemnde ovanfor vil det ikkje ha nokon hensikt å samanlikna biblioteka sin totale driftsrekneskap.

Vi har derfor konsentrert oss om dei rekneskapstala som er samanlikn bare, som «løn og sosiale utgifter» og «kjøp av media».

Det er også interessant å sjå på folkebiblioteka sin utvikling over tid. Vi kjem difor til å samanlikne biblioteka sine statistikkta frå 2013 med tala frå 2003 for å finna svar på følgjande:

- ✓ Vert det brukt meir eller minder pengar på bibliotek i dag enn for 10 år sida?
- ✓ Vert biblioteka brukt meir eller mindre i 2013 enn i 2003?

Vi har lagt ut alle rapporterte statistikkta på Fylkesbiblioteket sin heimeside. Alle tal skal vere pr. 31.12.2013. Ved utrekning som gjeld pr. innbyggjar har vi, som Nasjonalbiblioteket, brukt innbyggjartal pr. 01.01.2013.

Bakgrunnsdata

Befolkning

Totalt i Hordaland	1. januar 2003	1. januar 2013
	441 660	498 671

Hordaland hadde 1. januar 2013 9,86 % av folketallet i Noreg og i løpet av 2012 hadde fylket 11,6 % av folkeveksten i landet, som er litt over gjennomsnittet for 1986-2012, og dermed held Hordaland sin del av folketallet i landet fram med å stige.

Sentraliseringa er sterk internt i Hordaland. Bergensregionen (Bergen, Bjørnefjorden, Vest, Vaksdal, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås og Austrheim) hadde i 2012 89,5 % av folkeveksten i fylket. I 2012 var det berre åtte kommunar som hadde nedgang i folketallet, med ein samla nedgang på 98 innbyggjarar. Det var Tysnes, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Vaksdal og Fedje. Derimot var det i 2005 25 kommunar med vekst. Størst prosentvekst kom i Meland, Modalen, Sveio, Øygarden og Fjell.

Bibliotekavdelingar

I dag er det 60 bibliotekavdelingar i Hordaland, 33 hovudbibliotek og 14 filialar. I 2003 var det 78 bibliotekavdelingar, 33 hovudbibliotek og 45 filialar. Det er blitt 18 færre bibliotekfilialar enn det var for 10 år sida.

I 2003 var det 10 mobile bibliotekeringar med 341 stoppestadar. I dag er det 4 mobile einingar med 137 stoppestadar. Tre kommunale bokbussar og bokbåten som fylkeskommunen har ansvar for.

Vert det brukt meir eller mindre pengar på bibliotek i 2013 enn i 2003?

Tabell 1. Totalt løns- og media rekneskap i Hordaland

Totalt i Hordaland	2003	2003 i 2013 kroner (konsumprisindeks 1,19)	2013
Løn	Kr. 62 449 822	Kr. 74 315 288	Kr. 95 670 757
Løn pr. innbyggjar	Kr. 141	Kr. 168	Kr. 192
Tal på årsverk	168,94		161,47
Tal på innb. per stilling	2614 innb.		3088 innb.
Media	Kr. 14 002 736	Kr. 16 663 255	Kr. 12 316 785
Kjøp av media pr. innb.	Kr. 31,70	Kr. 37,72	Kr. 24,70

I den vidare samanlikninga mellom 2003 og 2013 bruker vi 2003-kroner omrekna til kroneverdien i 2013. SSB sin konsumprisindeks slår faste at ei 2003-krone tilsvarer 1,19 kroner i 2013.

Løn - Rekneskap

I gjennomsnitt brukte Hordaland kr. 192 per innbyggjar til løn til tilsette i bibliotek i 2013, mens det i 2003 vart brukt kr. 168.

Det vert brukt meir pengar i 2013 enn i 2003 på løn til tilsette i biblioteka, samtidig som tal på tilsette har gått noko ned (tabell 1). Det betyr at lønsauken dei siste 10 åra har vore stor, og mykje høgare enn konsumprisindeksen. Bibliotekarar er likevel ikkje eitt høgtlønnt yrke, men dette speglar den generelle lønsauken i offentleg sektor.

Kjøp av media – Rekneskap

Det vart brukt kr. 12 316 785 til innkjøp av bøker og andre media i folkebibliotek i Hordaland i 2013. Media løyvingane per innbyggjar for Hordaland var kr. 24,70.

Rekneskapen for media i 2003 var mykje høgare enn i 2013. Rekna om til 2013-kroner vart det brukt kr 16 663 255 til media i 2003. Sett i forhold til folketal er media rekneskapen i 2013 65,5% av media rekneskapen i 2003, eller 6,5 millionar kroner lågare.

Totale utlånet har i sama tidsrommet (2003-2013) gått ned med 15,8%, det kan ha samanheng med stor reduksjon i løyvingane til kjøp av media (i snitt 34,5 % lågare enn i 2003), færre filialar og bokbussar. Utlånet av bøker utgjorde 70 % av det totale utlånet i biblioteka i 2013, som er omtrent det same forholdet som i 2003, då bøker utgjorde 67 % av det totale utlånet.

Innkjøp av media til folkebiblioteka i 2013 og 2003

Tabell 2. Oversikt kjøp av media og kjøp pr. innbyggjar

	2013	2003	2013	2003	2013	2003
Kommune	Tal innb. pr. 01.01.2013	Tal innb. pr. 01.01.2003	Reknskap totalt, innkjøp media	Reknskap totalt, innkjøp media (2013.kroner)	Reknskap media kr. per innb.	Reknskap media kr. per innb. (2013-kroner)
Askøy	26 831	21 018	565 636	452 694	21,08	21,54
Austevoll	4 834	4 439	174 370	195 872	36,07	44,13
Austrheim	2 833	2 519	118 000	135 192	41,65	53,67
Bergen	267 950	235 423	4 811 958	8 395 483	17,96	35,66
Bømlo	11 638	10 867	290 000	409 360	24,92	37,67
Eidfjord	952	915	103 058	115 430	108,25	126,15
Etne	4 040	3 960	209 835	266 324	51,94	67,25
Fedje	569	672	96 315	80 258	169,27	119,43
Fitjar	2 980	2 892	196 280	84 592	65,87	29,25
Fjell	23 277	19 294	459 000	391 510	19,72	20,29
Fusa	3 818	3 751	200 000	164 253	52,38	43,79
Granvin	904	1 037	71 690	81 415	79,30	78,51
Jondal	1 046	1 071	75 300	72 590	71,99	67,78
Kvam	8 584	8 467	290 000	427 935	33,78	50,54
Kvinnherad	13 305	13 157	454 629	688 573	34,17	52,34
Lindås	14 820	12 721	413 218	486 056	27,88	38,21
Masfjorden	1 696	1 738	205 000	110 653	120,87	63,67
Meland	7 347	5 704	226 475	245 899	30,83	43,11
Modalen	383	346	83 263	163 912	217,40	473,73
Odda	6 988	7 513	505 000	622 515	72,27	82,86
Os	18 142	14 328	334 610	318 920	18,44	22,26
Osterøy	7 674	7 140	324 865	381 008	42,33	53,36
Radøy	5 003	4 649	141 061	123 908	28,20	26,65
Samnanger	2 434	2 340	117 106	109 181	48,11	46,66
Stord	18 161	16 310	250 864	346 135	13,81	21,22
Sund	6 514	5 345	138 491	113 308	21,26	21,20
Sveio	5 400	4 666	168 000	158 746	31,11	34,02
Tysnes	2 736	2 821	100 000	78 540	36,55	27,84
Ullensvang	3 403	3 539	237 835	217 770	69,89	61,53
Ulvik	1 113	1 171	193 386	133 424	173,75	113,94
Vaksdal	4 132	4 151	70 000	174 516	16,94	42,04
Voss	14 601	13 821	471 540	656 880	32,30	47,53
Øygarden	4 563	3 875	220 000	260 402	48,21	67,20
Hordaland	498 671	441 660	12 316 785	16 663 256	24,70	37,73

Innkjøp av media til folkebiblioteka i 2013

Modalen, Ulvik, Fedje og Eidfjord er dei kommunane som i 2013 brukte mest pengar på media per innbyggjar, med Modalen på topp med kr. 217,40.

Fjell, Os, Bergen, Vaksdal og Stord brukte minst pengar på media per innbyggjar, med Stord på botn med kr. 13,81.

Det er altså stort sprik på kommunane som brukar mest på media og dei som bruker minst.

Det er stort sett dei små kommunane som brukar mest pengar til innkjøp av media per innbyggjar, mens dei største kommunane brukar minst. Det vil vere dyrare å tilby ein god bibliotekteneste i ein kommune med få innbyggjarane enn i ein kommune med mange innbyggjarar. Eit eksempel: Tysnes brukar kr 36,55 per innbyggjar på kjøp av media, mens Voss brukar 32,30 per innbyggjar. Rekneskapen for kjøp av media er på Kr. 100 000 i Tysnes, mens Voss sitt er på kr. 471.540. Dette betyr antakeleg at det er vanskelegare for Tysnes og driva ein god samlingsutvikling enn Voss, til tross av at Tysnes brukar litt meir pengar per innbyggjar til media.

Innkjøp av media til folkebiblioteka i 2003


Eidfjord, Fedje og Modalen var dei kommunane som i 2003 brukte mest pengar på innkjøp av media per innbyggjar med Modalen på topp med kr. 398,1.

Sund, Stord, Os, Fjell og Askøy brukte mint pengar på innkjøp av meida per innbyggjar, med Fjell på botn med kr. 17.

Oppsummering: Folkebiblioteka sin rekneskap for innkjøp av media 2013 og 2003

Sjølv om den totale bruken av pengar til innkjøp av meida i folkebibliotek har gått ned med 34,5 %, viser tabell 2 at der er kommunar som løyver meir pengar til biblioteket i 2013 enn i 2003. Ullensvang, Jondal, Tysnes, Sund, Samnanger, Radøy, Masfjorden, Granvin, Fusa, Fitjar og Fedje gjør det. Dette illustrerast tydleg i figuren under (figur 1).

Figur 1: Figuren er kommunane sine innkjøp av media pr. innbyggjar i 2013 og 2003 (i 2013 kroner)



Figuren viser også at nokre bibliotek har hatt ein markant nedgang i media rekneskaperen på disse 10 åra. Bergen, Modalen og Vaksdal har hatt den største nedgang.

Modalen, Vaksdal og Bergen har hatt den største nedgangen. Bergen brukte i 2003 kr. 8 395 483 på media, og 4 811 958 i 2013. Bergen har dermed berre litt over 50 % av løyvingane til media som de hadde i 2003. Det er ein stor nedgang.

Vaksdal og Modalen har mellom 40 og 45 % av løyvingane til innkjøp av media som de hadde i 2003. Vaksdal skulle ha brukt 100 000 meir til innkjøp av media i 2013, for å vere på same nivå som i 2003. Vaksdal ligg nesten på botn av alle kommunane i dag, i motsetning til Modalen som har hatt størst reduksjon i løyvingane til innkjøp av media, så ligg de på topp når det gjeld løyving per innbyggjar.

Fitjar, Ulvik, Fedje og Masfjorden hadde størst auke. Fitjar hadde størst auke av alle kommunane eller 132%, frå kr. 84 592 til kr. 196 280. Ulvik bruke i 2003 kr 133 424 på meda og 193 386 i 2013, som er ein auke på omlag 50 %. Fedje hadde 20% auke eller frå kr. 80 258 i 2003 til 96 315 i 2013 og Masfjorden hadde 85% auke eller frå kr. 110 653 i 2003 til 205 000 i 2013.

Spennet mellom kommunane i løyvingane til innkjøp av media er omlag det same i 2013, som det var i 2003 om ein ser bort i frå Modalen, sjølv om summane er mykje lågare no. I 2013 var spennet mellom kommunane frå høgaste på kr. 217,40 til lågast kr. 13,81 per innbyggjar. I 2003 var spennet frå høgast kr. 473,73 til lågast kr. 20,28 per innbyggjar.

Det er ikkje så lett å trekkje nokon konklusjon ut i frå detta, anna enn at tilbodet eller nivået på bibliotektenesta varierer mykje frå kommune til kommune og då er det avhengig av i kva kommune ein bor i om kor bra tilbodet er.

Vert folkebiblioteka meir eller mindre brukt i 2013 enn i 2003?

Tabell 3: Totalt besøk og utlån i Hordaland 2003 og 2013

Totalt i Hordaland	2003	2013
Besøk	2 460 491	1 896 812
Besøk per innbyggjar*	5,57	3,80
Utlån	2 681 458	2 255 909
Utlån per innbyggjar	6,07	4,53

*Askøy leverte ikkje besøks tal 2013, mens 6 kommunar leverte ikkje tal for besøk i 2003

Besøk

Bibliotekbesøket per innbyggjar viser ein nedgang på 23 % frå 2003 til 2013. Dette kan ha mange grunnar. Ein har 22 færre bibliotekavdelingar i Hordaland i dag enn for 10 år sida og 6 færre bokbussar. I tillegg har biblioteka i dag mykje lågare snitt til innkjøp av bøker og andre media enn i 2003. Mindre løyvingar har og ført til reduserte opningstider på nokre av hovudbiblioteka. I tillegg har talet på tilsette ved biblioteka gått litt ned, eller frå 168,94 i 2003 til 161,47 i 2013. Færre bibliotekavdelingar har ført til litt betre opningstider på dei bibliotekavdelingane som er igjen. Gjennomsnittleg opningstid på hovudbiblioteka i Hordaland i 2003 var 23,4 timar per veke. I 2013 var talet 25,9 timar per veke.

Sjølv om det er litt færre stillingar i biblioteksektoren i fylket, vil ein tru at ved å samla bibliotekressursane på færre bibliotekavdelingar, har ført til meir innsats på bibliotekutvikling. [Her vil det kome tal i utgåva som skal publiserast på nettet]

Det har i tillegg vore stor auke i tal på arrangement, båe for barn og vaksen som blir haldne i biblioteka.

Tabell 4: Totalt tal på arrangement i Hordaland 2003 og 2013

	Arrangement		
	Totalt	For barn	Frammøtt
Hordaland 2013	1447	753	47203
Hordaland 2003	645	473	29064

Dette indikerer at folkebibliotek har utvikla seg frå å vere ein institusjon som hovudsakleg dreiv med bokutlån, til å verta ein institusjon som i tillegg er ein viktig kulturell og sosial møteplass i lokalsamfunnet.

Utlån

Det totale utlånet av media har og gått ned i 2013 samanlikna med 2003, og nedgangen er prosentvis omlag den same som for besøket. Det vart utlånt gjennomsnittleg 25 % færre media per innbyggjar i 2013 enn i 2003.

Tabell 5: Samla oversikt over utlån totalt, utlån pr. innb., kjøp av media pr. innb. og besøk pr. innb. 2003 og 2013

Kommune	Totalt utlån 2013	Totalt utlån 2003	Utlån pr. innb. 2013	Utlån pr. innb. 2003	Kjøp av media pr. innb. 2013	Kjøp av media pr. innb. 2003 (2013 k.)	Besøk pr. innb. 2013	Besøk pr. innb. 2003
Askøy	102 123	97 533	3,81	4,64	21,08	21,54	0	4,52
Austevoll	10 659	17 028	2,21	3,84	36,07	44,13	1,87	
Austrheim	15 112	14 231	5,33	5,65	41,65	53,67	3,04	2,69
Bergen	1 293 949	1 684 151	4,83	7,15	17,96	35,66	4,63	7,19
Bømlo	48 028	72 234	4,13	6,65	24,92	37,67	2,45	5,61
Eidfjord	1 844	7 414	1,94	8,1	108,25	126,15	1,07	6,33
Etne	27 204	13 311	6,73	3,36	51,94	67,25	4,21	2,04
Fedje	3 062	3 580	5,38	5,33	169,27	119,43	4,22	6,29
Fitjar	25 726	10 539	8,63	3,64	65,87	29,25	2,99	2,10
Fjell	74 111	71 794	3,18	3,72	19,72	20,29	4,67	4,56
Fusa	17 082	8 551	4,47	2,28	52,38	43,79	1,55	
Granvin	1 902	5 032	2,10	4,85	79,30	78,51	1,19	2,09
Jondal	5 895	6 886	5,64	6,43	71,99	67,78	3,84	4,97
Kvam	47 938	51 081	5,58	6,03	33,78	50,54	5,70	4,97
Kvinnherad	75 508	74 837	5,68	5,69	34,17	52,34	3,27	5,26
Lindås	60 398	65 385	4,08	5,14	27,88	38,21	3,51	5,01
Masfjorden	11 742	8 571	6,92	4,93	120,87	63,67	1,53	2,14
Meland	27 357	31 829	3,72	5,58	30,83	43,11	1,75	3,25
Modalen	4 367	6 385	11,40	18,45	217,40	473,73	11,11	22,41
Odda	38 254	60 823	5,47	8,1	72,27	82,86	6,85	7,85
Os	68 400	66 523	3,77	4,64	18,44	22,26	3,25	3,40
Osterøy	22 450	49 551	2,93	6,94	42,33	53,36	2,65	
Radøy	15 364	24 134	3,07	5,19	28,20	26,65	1,42	2,27
Samnanger	14 959	8 355	6,15	3,57	48,11	46,66	1,50	
Stord	46 144	72 102	2,54	4,42	13,81	21,22	1,93	3,21
Sund	33 386	19 355	5,13	6,62	21,26	21,20	3,68	2,15
Sveio	15 141	15 805	2,80	3,39	31,11	34,02	1,58	
Tysnes	7 172	11 026	2,62	3,91	36,55	27,84	1,46	
Ullensvang	13 349	8 195	3,92	2,32	69,89	61,53	1,89	1,69
Ulvik	4 521	6 941	4,06	5,93	173,75	113,94	2,01	6,44
Vaksdal	18 556	8 318	4,49	2	16,94	42,04	1,21	0,96
Voss	78 596	61 586	5,38	4,46	32,30	47,53	4,11	4,37
Øygarden	23 597	18372	5,17	4,74	48,21	67,20	3,05	5,07
Hordaland	2 255 909	2 681 458	4,53	6,07	24,70	37,73	3,80	5,57
Norge				5,45				5

Tar ein med Askøy og same besøkstall som i fjord, for ein 3,98

Modalen, Eidfjord og Odda hadde høgast utlån pr. innbyggjar i 2003, Modalen på topp med 18,45. Nederst var Ullensvang, Fusa og Vaksdal, med Vaksdal på botn med 2 utlån pr. innbyggjar.

Modalen, Odda og Bergen hadde høgast besøk pr. innbyggjar i 2003, med Modalen på topp med 22,41.

Høgast medieutgifter pr. innbyggjar hadde Modalen (398,10), Eidfjord (106.,10) og Fedje (100,36). Lågast medieutgifter pr. innbyggjar hadde Stord (17,83), Sund (17,81) og Fjell (17,05).

Det er kanskje rett å opplysa om at Modalen og Eidfjord, saman med Fedje er kommunane med færrest innbyggjarar i fylket.

Ser ein på 2013, så er det Modalen, Fitjar og Masfjorden som har høgast utlån pr. innbyggjar, med Modalen på topp med 11,40. Lågast utlån hadde Austevoll, Granvin og Eidfjord, med Eidfjord på botn med 1,94 utlån pr. innbyggjar.

Modalen, Odda og Kvam hadde høgast besøk pr. innbyggjar i 2013, med Modalen på topp med 11,11. Det er ein nedgang med 11,30 utlån pr. innbyggjar på 10 år.

Høgast medieutgifter pr. innbyggjar hadde Modalen (217,40), Ulvik (173,75) og Fedje (169,27). Lågast medieutgifter pr. innbyggjar hadde Bergen (17,96), Vaksdal (16,94) og Stord (13,81).

Oppsummering: medieutgifter, besøk og utlån fordelt etter kommune – 2003 og 2013

Det er liten endring i lista over kommunar som brukte mest til media frå 2003 til 2013. Tross generell stor nedgang så var 8 av kommunane med høgast utgifter i 2013 og blant dei 10 kommunane som brukte mest i 2003.

Men nokre kommunar skjel seg ut og det er Fitjar som har gått opp frå 26 plass til 10 og Fusa som har gått frå 19 til 11, og Tysnes frå 27 til 17 plass, elles er det berre små endringar i rangeringa.

Derimot er det er ein del endringar i kommunane sine plassering når ein samanliknar tala frå 2003 og 2012 for utlån og besøk. Kommunar som var langt nede i 2003 an vere høgt oppe i 2013 og omvendt.

Tydlegaste døme når det gjeld utlån per innbyggjar er Fitjar, Etne og Samnanger. Desse kommunane var blant dei åtta med minst utlån i 2003, men bland dei 5 øvste i 2013. Blant dei som har rast mest nedover er Osterøy og Eidfjord. Osterøy frå 5 plass i 2003 til 27 i 2013 og Eidfjord har gått frå andre plass i 2003 til siste plass i 2013.

Orsakane til dette kan vere fleire. Fleire bibliotek som låg langt nede i 2003 har fått nye og betre biblioteklokalar. Etne har til dømes fått nye flotte lokalar og blitt samlokalisert med Etne vidaregåande skule. Fitjar har fått nytt lokale i eit kulturhus/Idrettshall, Voss har og fått nye lokalar i Kulturhus og gjekk opp 11 plassar. Nokre kommunar har lagt ned avdelingar og bokbuss og det har kunne føre til mindre utlån og besøk per innbyggjar. Osterøy har t.d. vore utan bokbuss i 2013.

Ein vil i til slutt sjå om og ev kor stor betyding biblioteka sin økonomi har på korleis biblioteka vert brukt.

Samanheng mellom utlån og biblioteka sine personalressursar

Tabell 6: I tabellen er kommunane sortert frå høgast til lågast «rekneskap løn- og sosial utgifter per innbyggjar»

Kommune	Tal innb. Pr. 01.01.2013	Utlån pr. innbyggjar	Besøk pr. innbyggjar	Reknskap, løn og sos. utg.	Reknskap, løn og sos. utg. pr. innb.
Modalen	383	11,40	11,11	324 792	848
Fedje	569	5,38	4,22	421 762	741
Ulvik	1 113	4,06	2,01	450 000	404
Austrheim	2 833	5,33	3,04	1 067 000	377
Masfjorden	1 696	6,92	1,53	631 000	372
Granvin	904	2,10	1,19	320 000	354
Etne	4 040	6,73	4,21	1 360 107	337
Kvinnherad	13 305	5,68	3,27	4 193 721	315
Øygarden	4 563	5,17	3,05	1 401 000	307
Eidfjord	952	1,94	1,07	286 128	301
Odda	6 988	5,47	6,85	1 939 100	277
Ullensvang	3 403	3,92	1,89	837 298	246
Voss	14 601	5,38	4,11	3 581 851	245
Osterøy	7 674	2,93	2,65	1 812 236	236
Lindås	14 820	4,08	3,51	3 293 844	222
Samnanger	2 434	6,15	1,50	528 582	217
Jondal	1 046	5,64	3,84	220 000	210
Meland	7 347	3,72	1,75	1 459 534	199
Radøy	5 003	3,07	1,42	961 218	192
Bergen	267 950	4,83	4,63	50 390 529	188
Fitjar	2 980	8,63	2,99	551 111	185
Bømlo	11 638	4,13	2,45	2 015 098	173
Sveio	5 400	2,80	1,58	928 573	172
Sund	6 514	5,13	3,68	1 107 258	170
Austevoll	4 834	2,21	1,87	801 802	166
Vaksdal	4 132	4,49	1,21	681 000	165
Fusa	3 818	4,47	1,55	627 773	164
Fjell	23 277	3,18	4,67	3 630 000	156
Stord	18 161	2,54	1,93	2 726 544	150
Os	18 142	3,77	3,25	2 575 324	142
Tysnes	2 736	2,62	1,46	372 000	136
Kvam	8 584	5,58	5,70	1 057 459	123
Askøy	26 831	3,81	0	3 117 113	116
Hordaland	498 671	4,53	3,80	95 670 757	192

Tabell 6 gir ikkje noko eintydig svar om det er samanheng mellom besøk/utlån pr. innbyggjar og rekneskap løn pr. innbyggjar. Kvam t.d. for veldig mykje utlån/besøk men ligg langt nede på tabellen for rekneskap løn per innbyggjar, mens det på Tysnes og Stord har både lågt tal for utlån/besøk per innbyggjar og på løn per innbyggjar. I andre enden har vi mange av småkommunane som Modalen, Fedje, Austrheim og Masfjorden som ligg høgt på samla tal for utlån/besøk per innbyggjar og er blant dei 5 på topp når det gjeld rekneskap for lønsutgifter per innbyggjar. Så det kan sjå ut som det er ein samanheng med nokre unntak.

Bruken av biblioteka og biblioteka sine medieressursar

Tabell 7: I tabellen er kommunane sortert frå høgast til lågast «medioutgifter per innbyggjar»

Kommune	Tal innb. Pr. 01.01.2013	Utlån pr. innbyggjar	Besøk pr. innbyggjar	Reknskap media totalt	Kjøp av media pr. innb. 2013
Modalen	383	11,40	11,11	83 263	217,40
Ulvik	1 113	4,06	2,01	193 386	173,75
Fedje	569	5,38	4,22	96 315	169,27
Masfjorden	1 696	6,92	1,53	205 000	120,87
Eidfjord	952	1,94	1,07	103 058	108,25
Granvin	904	2,10	1,19	71 690	79,30
Odda	6 988	5,47	6,85	505 000	72,27
Jondal	1 046	5,64	3,84	75 300	71,99
Ullensvang	3 403	3,92	1,89	237 835	69,89
Fitjar	2 980	8,63	2,99	196 280	65,87
Fusa	3 818	4,47	1,55	200 000	52,38
Etne	4 040	6,73	4,21	209 835	51,94
Øygarden	4 563	5,17	3,05	220 000	48,21
Samnanger	2 434	6,15	1,50	117 106	48,11
Osterøy	7 674	2,93	2,65	324 865	42,33
Austrheim	2 833	5,33	3,04	118 000	41,65
Tysnes	2 736	2,62	1,46	100 000	36,55
Austevoll	4 834	2,21	1,87	174 370	36,07
Kvinnherad	13 305	5,68	3,27	454 629	34,17
Kvam	8 584	5,58	5,70	290 000	33,78
Voss	14 601	5,38	4,11	471 540	32,30
Sveio	5 400	2,80	1,58	168 000	31,11
Meland	7 347	3,72	1,75	226 475	30,83
Radøy	5 003	3,07	1,42	141 061	28,20
Lindås	14 820	4,08	3,51	413 218	27,88
Bømlo	11 638	4,13	2,45	290 000	24,92
Sund	6 514	5,13	3,68	138 491	21,26
Askøy	26 831	3,81	0	565 636	21,08
Fjell	23 277	3,18	4,67	459 000	19,72
Os	18 142	3,77	3,25	334 610	18,44
Bergen	267 950	4,83	4,63	4 811 958	17,96
Vaksdal	4 132	4,49	1,21	70 000	16,94
Stord	18 161	2,54	1,93	250 864	13,81
Hordaland	498 671	4,53	3,80	12 316 785	24,70

Tabell 7 viser ein viss samanheng mellom Utlån/Besøk per innbyggjar og rekneskap media per innbyggjar. Men nokre kommunar bryt samanhengen som t.d. Kvam og Bergen som har låge løyvingar til kjøp av media, men høgt samla tal for utlån/besøk per innbyggjar. Odda, Modalen og Fedje har høgt samanlagt tal for utlån/besøk per innbyggjar og ligg blant dei 10 kommunane som løyver mest til kjøp av media per innbyggjar. Men det ser ut som det er viss samanheng mellom utlån/besøk per innbyggjar og rekneskapen for kjøp av media per innbyggjar.

Avslutning «Bibliotekstatistikk 2013 – folkebiblioteka i Hordaland»

Ein for ikkje noko eintydig svar om kommunar som satsar økonomisk på bibliotektenesta får tilbake ei bibliotektenesta som blir ein enda viktigare institusjon for kommunen sine innbyggjarar. Kanskje er det fordi at rekneskapen for kjøp av media har gått så kraftig ned. Men det ein ser at kommunar som har fått større og betre biblioteklokale gjer eit hopp når det gjeld utlån/besøk per innbyggjar.

I *Kulturutredningen 2014* (NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014), som vart lagd fram våren 2013 av Enger-utvalet, ver det understreka at folkebiblioteka har vore ein klar budsjett-tapar som ikkje har nytt godt av regjeringa sine kulturløfter. Dei har og kome dårlegast ut med omsyn til fordelinga av vesten i kommunane sin netto driftsutgifter til kulturformål. Enger-utvalet beskriver biblioteka som den kulturelle grunnmuren i Noreg, og meiner at dei systematisk har vore nedprioritert og underfinansiert.

Den 1. juni 2013 vart det vedteken ny biblioteklov. Den største endringa for folkebiblioteka er at det no er lovpålagt at dei skal drive aktiv formidling, og vere ein arena for offentleg samtale og debatt.

Denne statistikkoversikta for folkebiblioteka i Hordaland viser viss samanheng mellom kommunane sine økonomiske prioriteringar og bruk av biblioteket.

Det vil kome auka krav til framtidige bibliotektenester i samband med ny biblioteklov og ny kulturplan for Hordaland. Kvaliteten på tenestane til kommunane sine innbyggjarar vil framleis vere avhengig av kommunen sine prioriteringar